



ÅRSREGNSKAPET FOR REGNSKAPSÅRET 2020 - GENERELL INFORMASJON

Enheten

Organisasjonsnummer: 984 882 114
Organisasjonsform: Aksjeselskap
Foretaksnavn: LINJA AS
Forretningsadresse: Kyllervegen 6
6906 FLORØ

Regnskapsår

Årsregnskapets periode: 01.01.2020 - 31.12.2020

Konsern

Morselskap i konsern: Nei

Regnskapsregler

Regler for små foretak benyttet: Nei
Benyttet ved utarbeidelsen av årsregnskapet til selskapet: Regnskapslovens alminnelige regler

Årsregnskapet fastsatt av kompetent organ

Bekreftet av representant for selskapet: Martin Holvik
Dato for fastsettelse av årsregnskapet: 22.06.2021

Grunnlag for avgivelse

År 2020: Årsregnskapet er elektronisk innlevert
År 2019: Tall er hentet fra elektronisk innlevert årsregnskap fra 2020

Det er ikke krav til at årsregnskapet m.v. som sendes til Regnskapsregisteret er undertegnet. Kontrollen på at dette er utført ligger hos revisor/enhetens øverste organ. Sikkerheten ivaretas ved at innsender har rolle/rettighet for innsending av årsregnskapet via Altinn, og ved at det bekreftes at årsregnskapet er fastsatt av kompetent organ.

Brønnøysundregistrene, 12.07.2022



Resultatregnskap

Beløp i: NOK	Note	2020	2019
RESULTATREKNESKAP			
Inntekter			
Overføringsinntekter	2, 3, 13	419 657 523	447 058 098
Inntekter pliktleveranse		2 643 648	5 338 692
Annen driftsinntekt	2, 13	74 067 273	48 637 210
Sum inntekter		496 368 444	501 034 000
Kostnader			
Kjøp av overføringstenester		135 985 548	154 648 022
Kraftkjøp pliktleveranse	5, 13	1 684 700	3 983 709
Nettap		6 239 244	20 745 089
Lønnskostnad	6, 17	122 394 292	105 505 282
- aktivering egne tilvirka driftsmidler	6	-49 588 581	-52 078 529
Avskrivning av driftsmidler og immaterielle eiendeler	10	58 859 715	55 444 354
Annen driftskostnad	6, 7, 13	133 944 434	104 468 453
Eigedomsskattar og avgifter	8	7 267 997	7 876 351
Sum kostnader		416 787 349	400 592 731
Driftsresultat		79 581 096	100 441 269
Finansinntekter og finanskostnader			
Renteinntekt frå føretak i same konsern	13	400 420	1 231 825
Anna renteinntekt	11	11 028 142	14 906 292
Inntekt frå tilknytt selskap	12	264 832	-146 286
Sum finansinntekter		11 693 394	15 991 831
Rentekostnad til føretak i same konsern	13	20 234 486	29 719 414
Annan rentekostnad		476 617	317 242
Sum finanskostnader		20 711 103	30 036 656
Netto finans		-9 017 709	-14 044 825
Ordinært resultat før skattekostnad		70 563 386	86 396 444
Skattekostnad på ordinært resultat	9	16 301 917	19 751 558



Resultatregnskap

Beløp i: NOK	Note	2020	2019
Ordinært resultat etter skattekostnad		54 261 469	66 644 886
Årsresultat		54 261 469	66 644 886
Årsresultat etter minoritetsinteresser		54 261 469	66 644 886
Totalresultat		54 261 469	66 644 886
Overføringer og disponeringar			
Konsernbidrag	15	-41 730 000	-15 600 000
Avsatt til annen egenkapital	15	95 991 469	82 244 886
Sum overføringer og disponeringar		54 261 469	66 644 886



Balanse

Beløp i: NOK	Note	2020	2019
BALANSE - EIGEDELAR			
Anleggsmiddel			
Immaterielle egedelar			
Utsett skattefordel	9		
Goodwill	9		
Varige driftsmiddel			
Bygninger og egedomar	10	90 419 250	42 360 922
Sentralnettanlegg	10	269 459 013	276 054 045
Hovudfordelingsanlegg	10	516 449 382	419 848 360
Fordelingsanlegg	10	838 661 129	818 232 649
Fiberanlegg	10	9 006 921	9 655 351
Prosjekt under arbeid	10	113 490 586	124 635 136
Andre anleggsmidlar	10	29 078 140	31 023 371
Sum varige driftsmiddel		1 866 564 420	1 721 809 834
Finansielle anleggsmiddel			
Investeringer i aksjer og andeler	12	2 052 486	1 787 654
Langsiktige fordringar	11	144 954 247	124 426 813
Utlån	6	10 000	20 000
Sum finansielle anleggsmiddel		147 016 733	126 234 467
Sum anleggsmiddel		2 013 581 153	1 848 044 301
Omløpsmiddel			
Varer			
Sum varer	4	20 812 460	20 609 596
Krav			
Kundefordringer	13	61 700 221	90 381 361
Mindreinntekt nettleige	2		
Andre kortsiktige fordringer	13	263 492 168	51 505 179
Sum krav		325 192 389	141 886 540
Bankinnskott, kontantar og liknande			
Bankinnskudd, kontanter o.l.	14	5 572 678	4 905 379



Balanse

Beløp i: NOK	Note	2020	2019
Sum bankinnskott, kontantar og liknande		5 572 678	4 905 379
Sum omløpsmiddel		351 577 527	167 401 515
SUM EIGEDLAR		2 365 158 680	2 015 445 817

BALANSE - EIGENKAPITAL OG GJELD

Eigenkapital

Innskoten eigenkapital

Aksjekapital	15, 16	159 100 000	150 000 000
Overkurs	15	98 573 444	98 571 924
Annan innskoten eigenkapital	15	144 346 775	100 508 000
Sum innskoten eigenkapital		402 020 219	349 079 924

Opptent eigenkapital

Annen egenkapital	15	334 054 287	287 160 866
Sum opptent eigenkapital		334 054 287	287 160 866

Sum eigenkapital

736 074 506 **636 240 790**

Gjeld

Langsiktig gjeld

Pensjonsplikter	17	51 280 337	34 953 398
Utsett skatt	9	120 525 543	94 963 021
Andre avsetninger for forpliktelser			3 451 880
Sum avsetjingar for plikter		171 805 880	133 368 299

Anna langsiktig gjeld

Øvrig langsiktig gjeld	13, 18	1 326 500 000	1 125 000 000
Sum anna langsiktig gjeld		1 326 500 000	1 125 000 000

Sum langsiktig gjeld

1 498 305 880 **1 258 368 299**

Kortsiktig gjeld

Leverandørgjeld	13	30 778 254	22 721 816
Betalbar skatt	9	46 429	3 177 354
Skattetrekk og andre trekk		34 708 541	40 618 444



Balanse

Beløp i: NOK	Note	2020	2019
Meirinntekt Nettleige	2	47 565 821	36 551 033
Annen kortsiktig gjeld	13	17 679 250	17 768 081
Sum kortsiktig gjeld		130 778 294	120 836 728
Sum gjeld		1 629 084 174	1 379 205 027
SUM EIGENKAPITAL OG GJELD		2 365 158 680	2 015 445 817



Resultatregnskap			
LINJA AS			
Driftsinntekter og driftskostnader	Note	2020	2019
Overføringsinntekter	2, 3, 13	419 657 523	447 058 098
Inntekter pliktleveranse		2 643 648	5 338 692
Annen driftsinntekt	2, 13	74 067 273	48 637 210
Sum driftsinntekter		<u>496 368 444</u>	<u>501 034 000</u>
Kjøp av overføringstenester		135 985 548	154 648 022
Kraftkjøp pliktleveranse	5, 13	1 684 700	3 983 709
Nettap		6 239 244	20 745 089
Lønnskostnad	6, 17	122 394 292	105 505 282
- aktivering egne tilvirka driftsmidler	6	-49 588 581	-52 078 529
Avskrivning av driftsmidler og immaterielle eiendeler	10	58 859 715	55 444 354
Annen driftskostnad	6, 7, 13	133 944 434	104 468 453
Eigedomsskattar og avgifter	8	7 267 997	7 876 351
Sum driftskostnader		<u>416 787 349</u>	<u>400 592 731</u>
Driftsresultat		<u>79 581 096</u>	<u>100 441 269</u>
Finansinntekter og finanskostnader			
Renteinntekt fra foretak i samme konsern	13	400 420	1 231 825
Annen renteinntekt	11	11 028 142	14 906 292
Inntekt frå tilknytt selskap	12	264 832	-146 286
Rentekostnad til foretak i samme konsern	13	20 234 486	29 719 414
Annen rentekostnad		476 617	317 242
Resultat av finansposter		<u>-9 017 709</u>	<u>-14 044 825</u>
Ordinært resultat før skattekostnad		70 563 386	86 396 444
Skattekostnad på ordinært resultat	9	16 301 917	19 751 558
Ordinært resultat		<u>54 261 469</u>	<u>66 644 886</u>
Ekstraordinære inntekter og kostnader			
Årsresultat		<u>54 261 469</u>	<u>66 644 886</u>
Overføringer			
Mottatt konsernbidrag		41 730 000	15 600 000
Avsatt til annen egenkapital	15	95 991 469	82 244 886
Sum overføringer		<u>54 261 469</u>	<u>66 644 886</u>
LINJA AS			Side 1



Balanse			
LINJA AS			
Eiendeler	Note	2020	2019
Anleggsmidler			
Immaterielle eiendeler			
Varige driftsmidler			
Bygninger og eiedomar	10	90 419 250	42 360 922
Sentralnettanlegg	10	269 459 013	276 054 045
Hovudfordelingsanlegg	10	516 449 382	419 848 360
Fordelingsanlegg	10	838 661 129	818 232 649
Fiberanlegg	10	9 006 921	9 655 351
Prosjekt under arbeid	10	113 490 586	124 635 136
Andre anleggsmidler	10	29 078 140	31 023 371
Sum varige driftsmidler		1 866 564 420	1 721 809 834
Finansielle driftsmidler			
Investeringer i aksjer og andeler	12	2 052 486	1 787 654
Langsiktige fordringar	11	144 954 247	124 426 813
Utlån	6	10 000	20 000
Sum finansielle anleggsmidler		147 016 733	126 234 467
Sum anleggsmidler		2 013 581 153	1 848 044 301
Omløpsmidler			
Lager av varer og annen beholdning	4	20 812 460	20 609 596
Fordringer			
Kundefordringer	13	61 700 221	90 381 361
Andre kortsiktige fordringer	13	263 492 168	51 505 179
Sum fordringer		325 192 389	141 886 540
Investeringer			
Bankinnskudd, kontanter o.l.	14	5 572 678	4 905 379
Sum omløpsmidler		351 577 527	167 401 515
Sum eiendeler		2 365 158 680	2 015 445 817

LINJA AS

Side 1



Balanse			
LINJA AS			
Egenkapital og gjeld	Note	2020	2019
Innskutt egenkapital			
Aksjekapital	15, 16	159 100 000	150 000 000
Overkurs	15	98 573 444	98 571 924
Annen innskutt egenkapital	15	144 346 775	100 508 000
Sum innskutt egenkapital		<u>402 020 219</u>	<u>349 079 924</u>
Opptjent egenkapital			
Annen egenkapital	15	334 054 287	287 160 866
Sum opptjent egenkapital		<u>334 054 287</u>	<u>287 160 866</u>
Sum egenkapital		<u>736 074 506</u>	<u>636 240 790</u>
Gjeld			
Avsetning for forpliktelser			
Pensjonsforpliktelser	17	51 280 337	34 953 398
Utsatt skatt	9	120 525 543	94 963 021
Andre avsetninger for forpliktelser		0	3 451 880
Sum avsetning for forpliktelser		<u>171 805 880</u>	<u>133 368 299</u>
Annen langsiktig gjeld			
Øvrig langsiktig gjeld	13, 18	1 326 500 000	1 125 000 000
Sum annen langsiktig gjeld		<u>1 326 500 000</u>	<u>1 125 000 000</u>
Kortsiktig gjeld			
Leverandørgjeld	13	30 778 254	22 721 816
Betalbar skatt	9	46 429	3 177 354
Skattetrekk og andre trekk		34 708 541	40 618 444
Meirinntekt Nettleige	2	47 565 821	36 551 033
Annen kortsiktig gjeld	13	17 679 250	17 768 081
Sum kortsiktig gjeld		<u>130 778 294</u>	<u>120 836 728</u>
Sum gjeld		<u>1 629 084 174</u>	<u>1 379 205 027</u>
Sum egenkapital og gjeld		<u>2 365 158 680</u>	<u>2 015 445 817</u>

LINJA AS

Side 2



Balanse

LINJA AS

Florø, 16.03.2021
Styret i LINJA AS

Erling Sande
Styreleiar

Ole Bernt Søreide
Nestleiar

Rune Kiperberg
Styremedlem

Anne Svangtun
Styremedlem

Per Martin Haavik
Styremedlem

Asgeir Aase
Nettdirektør

LINJA AS

Side 3



Linja AS

Kontantstrøm fra operasjonelle aktiviteter:	31.12.20	31.12.19
Ordinært resultat før skattekostnad	70 563	86 396
Betalte skatter i perioden	-3 858	-762
Avskrivningar	58 860	55 444
Kostnad (+)/Inntekt (-) frå investering i tilknytt selskap utan kontanteffel	-265	146
Endring i varelager	-203	1 502
Endring i kundefordringar	28 782	19 736
Endring i leverandørgjeld	5 520	-21 786
Endring i pensjonsforpliktning	-2 283	-21 460
Endring i andre tidsavgrensingsposter	-352 713	213 023
Netto kontantstrøm frå operasjonelle aktiviteter	-195 595	332 239

Kontantstrøm frå investeringsaktivitetar:

Utbetalningar ved kjøp/tilverking av varige driftsmiddel	-154 549	-213 522
Utbetalningar ved auke langsiktig fordring	-23 975	-6 126
Motteke avdrag på langsiktige fordringar	3 457	3 251
Kontantar innfusjonert selskap	9	0
Netto kontantstrøm frå investeringsaktivitetar	-175 058	-216 397

Kontantstrøm frå finansieringsaktivitetar:

Innbetalningar ved opptak av ny langsiktig gjeld	168 423	0
Endring konsernfinansiering	182 897	-96 232
Mottak av konsernbidrag	20 000	0
Avgitt konsernbidrag	0	-19 500
Netto kontantstrøm frå finansieringsaktivitetar	371 321	-115 732

Netto endring i kontantar og ekvivalentar	667	111
Behaldning av kontantar og ekvivalentar 1.1	4 905	4 794
Behaldning av kontantar og ekvivalentar UB	5 573	4 905



#1566514-3

Linja AS - Styret si melding for 2020

Verksemda si art og tilhaldsstad

Generelt

Linja AS er nettselskapet i SFE-konsernet. Selskapet skifta namn frå SFE Nett AS til Linja AS i oktober 2020. Ei av årsakene til namneendringa er nye forskrifter frå styresmaktene som stiller krav om at nettselskap i selskapsnamn mm skal skille seg klart frå andre deler av eit integrert energikonsern. Linja AS har ansvar for overføring av elektrisk energi og bygger ut, driftar og eig både transmisjonsnett (tidlegare sentralnett), regionalt distribusjonsnett (tidlegare regionalnett) og distribusjonsnett i Sunnfjord og Nordfjord, samt transmisjonsnett i deler av Sogn. Linja AS har 25176 nettkundar mot 25052 i 2019. Linja AS er av NVE gitt rolla som utgreiingsansvarleg for kraftsystemet i Sogn og Fjordane. Direktør i Linja AS har KDS-funksjonen (Kraftforsyningens distriktssjef) for Sogn og Fjordane, dvs koordinering av dei andre KBO-einingane i beredskapssamanheng.

Linja AS er i hovudsak ei monopolverksemd. Selskapet si årlege inntektsramme vert bestemt av NVE. Selskapet eig breibandsnett i regionen, og leiger ut overskotskapasitet.

Som for andre nettselskap er DLE (det lokale eltilsyn) ein del av verksemda. Det formelle DLE-ansvaret ligg i Linja AS, men selskapet er medeigar i selskapet Etrygg AS, og bestiller kontrollar og informasjonstenester, som Etrygg AS utfører på vegne av Linja AS.

Selskap i SFE-konsernet har felles visjon for selskapa under SFE-paraplyen: "Kraft til å påverke framtida"

Selskapet sitt forretningskontor er i Flora kommune.

Nettet sin tilstand og utvikling av nettet

Leverert kraft til sluttkundane var i 2020 698 GWh mot 732 GWh i 2019 og 711 GWh i 2018. Reduksjonen frå 2019 er på 34 GWh eller 4,6%. Generelt er levert kraft aukande grunna noko aukande kundetal og aukande elektrifisering. Hovudgrunnen til reduksjonen frå 2019 skuldast ein kombinasjon av forbruksreduksjon hos ein større næringskunde, eit klimatisk mildt år, og pandemisituasjonen. Pandemisituasjonen har likevel ikkje medført avgjerande endring i kraftforbruket.

Linja AS har god leveringskvalitet, hensyneteke geografisk beliggenhet og klimatiske påkjenningar. Leveringskvalitet vert synleggjort ved årleg avbrotstatistikk. Mål for leveringskvalitet er oppetid på 99,975%, eller ILE/LE (ikkje levert energi dividert på levert energi) på 0,025%. I 2020 var ILE/LE 0,026%, eller levert energi 99,974%. Dette svarar økonomisk til ein kostnad for Linja på 13,4 mill. kroner. Tilsvarande tal i 2019 var 0,0149% (eller levert energi 99,985%) og ein kostnad på 4,75 mill kr. I 2020 var det ingen store enkeltutfall som berørte store deler av forsyningsområdet over tid, men 2020 var eit vesentleg meir krevjande klimatisk år enn 2019. Men, både januar, september og mot slutten av året har



det vore ei rekke tilfelle med storm/orkan som har gjort forsyningssituasjonen krevjande, og med nettfeil i ein del lokalområde. Store nettinvesteringar dei siste åra gjer at nettet er meir robust, og at risikoen for avbrot er redusert.

Utvikling av transmisjonsnettet

Etter slutføring av nytt 420kV transmisjonsnett på strekninga Ørskog/Sogndal i desember 2016 har ein robust transmisjonsnett gjennom fylket. Kapasiteten kan derimot ikkje nyttast fullt ut, og vil få flaskehalsar grunna større mengder ny produksjon under realisering enn installert transformeringskapasiteten mellom 132 og 420kV. Løysing og investeringsansvar for dette ligg til Statnett. Tiltaket om auka transformeringskapasitet i Ålfoten kom på plass desember 2019. Auka transformeringskapasitet i Moskog er under planlegging, er konsesjonssøkt, og er venta å vere på plass i løpet av 2022. Dette er nødvendig for å unngå flaskehalsar for ny produksjon. Av same årsak har Linja AS søkt om utsett frist for sanering av 132kV Moskog/Høyanger, i påventa av auka transformeringskapasitet i Moskog. Oppgradering av Sogndal-Aurland frå 300 til 420kV er også eit nødvendig tiltak, som er konsesjonssøkt av Statnett.

Utvikling av regionalt distribusjonsnett

Det har vore investert og er framleis behov for store investeringar i det regionale distribusjonsnettet, og også distribusjonsnettet, dei komande åra. Den viktigaste grunnen til dette siste åra har vore ny vasskraft, og vindkraft. Men også eit aldrande regionalt distribusjonsnett og industriell vekst krev auka nettinvesteringar.

Dei siste åra er det etablert eller auka kapasitet i 12 transformator/koblings-stasjonar i 66- og 132kV-nettet. Siste prosjekt (2020) er 132kV koblingsstasjon Magnhildskaret, med formål tilkobling av Guleslettene vindpark.

Med den store aktiviteten er det viktig at investeringar blir tatt på rett tidspunkt, basert på forpliktande bestilling frå aktørane som utløyser tiltaket.

Linja har mange prosjekt i hovudnettet som anten er starta eller der konsesjonsarbeid er i prosess eller starta internt.

I 2020 er ferdigstilt:

- 132kV-linje Magnhildskaret/Svelgen og Magnhildskaret koblingsstasjon, for å gje kapasitet til vindkraftanlegget Guleslettene (lokalisert mellom Florø og Svelgen, produksjonskapasitet 195MW). (Parsellen 132kV Svelgen/Ålfoten vart, av same årsak, ferdigstilt i 2019).
- Dublert 66kV (bygd for 132kV) innføring til Eid transformatorstasjon, der dagens hovudinnføring går på same masterekke, og må separerast før 66kV-ledninga Eid/Øksenelvane kan sanerast.

Pågåande og ikkje avslutta prosjekt i hovudnettet:

- Eit prosjekt pågår: 132kV Ålfoten/Rugsundøy, og med påfølgjande produksjonsradial vidare til Bremangerlandet. Produksjonsradialen er avhengig av endeleg løyve



(avklaring av MTA-plan) for vindkraftanlegget. Formål er i første fase å gje kapasitet til Bremangerlandet vindpark, men over ca 2-3 års tidshorisont vert parsellen fram til Rugsundøy utvida til Deknepollen/Måløy, med formål å gje forsterka nettkapasitet til ytre Nordfjord (etter realisering av denne kan den eldste av dei to linjene mellom Bryggja og Deknepollen sanerast).

Konsesjonsgitte, ikkje oppstarta prosjekt:

132kV forsyning av Lefdal Mine datasenter, med kapasitet 60MW, fekk konsesjon i 2019. Realisering av prosjektet er avhengig av investeringsbeslutning hos Lefdal Mine.

Prosjekt til konsesjonshandsaming:

132kV forsterking av parsellen Leivdal/Navelsaker, der dagens leidning er ein flaskehals i kraftsystemet.

Nytt transmisjonsnett og nye 420/132kV transformatorstasjonar medfører også sanering av deler av Linja AS sine 132kV-linjer, i første omgang seksjonane Høyanger-Moskog og Leivdal-Haugen. Sanering, som er konsesjonsbestemt innan utgang 2018, har godkjent konsesjonsutsetting til utgang 2021. Hovudårsak er at nytt 420kV-nett må fungere feilfritt under ekstremhendingar, samt at nettet har stor nytte grunna manglande transformorkapasitet. Ledninga Leivdal/Haugen vart sanert i 2020. Ledninga Moskog/Høyanger skal sanerast ila 2021.

Kjøp av nytt hovudnett:

Som ledd i overgang til 2-nivå nasjonalt nettsystem (transmisjon og distribusjon), samt som følge av omklassifisering av anlegg frå sentral/transmisjonsnett til distribusjon, har Statnett beslutta å reindyrke si rolle som eigar og operatør av transmisjon. På bakgrunn av dette har Statnett starta salsprosess i ulike delar av landet for nettanlegg som ikkje er transmisjon. Det er 1. kvartal 2021, med verknadsfrist 01.01.2021, inngått avtale mellom Statnett og Linja om at Linja skal kjøpe Statnett sine 132kV-liner og stasjonsanlegg i Høyanger, på strekninga Mel-Sogndal, samt på strekninga Fortun-Øvre Årdal-Årdalstangen.

Fortsatt drift

Rekneskapen er sett opp med føresetnad av fortsatt drift.

Framtidsutsikter

Det er venta eit høgare resultat i 2021 enn i 2020. Hovudårsaka er at ein har hatt løpande effektivisering, samt har ein høgare nettkapital. Pga lågare målt effektivitet enn ønskjeleg starta selskapet i 2019 eit effektiviseringsprogram som har gitt vesentleg forbetring. Programmet held også fram i 2021.

Investeringsprogrammet har vore høgt, og dette held fram i 2021 og 2022. Slik dagens inntektsrammeregime er utforma vil raskt aukande nettkapital samanlikna med det typiske for bransjen medføre lågare målt effektivitet, og dermed lågare avkastning. Det er viktig å arbeide for at denne type negative utslag av dagens nettregulering vert endra. På bakgrunn av at Linja AS sin effektivitet siste åra har vore lågare enn 100% er eit lønsemdprogram implementert frå 2019. Utviklinga i målt effektivitet er positiv.

Inntektsrammeregulering:



Ei utfordring for Linja AS er at inntektsrammereguleringa kan medføre lågare målt effektivitet, og dermed reduserte inntekter dersom investeringsnivået er høgare enn det typiske for bransjen. Med dei store investeringane som Linja AS og regionen står ovanfor, både med tanke på reinvestering og nettinvesteringar utløyst av ny fornybar energi, er det viktig å sikre at investeringsutfordringane er hensynsteke i nettreguleringa. Dette gjeld allment, men spesielt for investeringar i regionalnettet.

Nettariffregime:

Nasjonale politiske føringar og rapportar frå NVE har peika på at nettinvesteringar øyremerka nettkapasitet for ny, fornybarinvesteringar er ei nasjonal satsing og skal ikkje gå utover kundane i fornybarområda. Dessverre har ikkje styresmaktene funne løysing på dette. Linja AS arbeider løpande med dette temaet. Stortinget vedtok våren 2018 å gje regjeringa/OED i oppdrag å utgreie ulike modellar for tariffutjamning. Stortinget peika på at dette ikkje vart følgt opp tilfredsstillande, og i budsjettforliket/regjeringsforhandlingane hausten 2018 vart det på nytt vedteke at ulike utjamningsmodellar skal utgreiast og leggast fram for Stortinget som eiga sak.

NVE/RME sende november 2019 dokumentet «*Utredning av virkemidler for utjevning av nettleie*» på høyring, med høyringsfrist 8.januar 2020. OED si tilråding er i hovudsak å nytte opprinneleg utjamningsmodell med løyving over Statsbudsjettet, og vedtak for 2021 er bevilgning på 20mill kr. over Statsbudsjettet. Dette svarer etter vårt syn ikkje på utfordringa og dagens systemfeil. Temaet vert difor arbeidd vidare med saman med aktuelle alliansepartar.

Konsekvens av endring av energilova

Stortingsprp. nr 35 om Endringar i energilova vart lagt fram i desember 2015, med formål tilpassing til EU sitt eldirektiv nr.3. Vedtaket (2016), og lovendring med størst konsekvens, var overgang frå tre til to nettnivå. Som ledd i lovvedtaket vart dagens sentralnett omklassifisert til transmisjon, og med Statnett som eigar, men kunne søkjast omklassifisert til distribusjon basert på faglege kriteriar.

Som følge av lovvedtaket søkte SFE Nett (no Linja AS) 11.januar 2017 NVE om omklassifisering av dagens 132kV sentral/transmisjonsnett frå Høyanger/Mel i sør til Haugen (Ørsta) i nord, frå transmisjon til regionalt distribusjonsnett i samband med overgang til to nettnivå. Grunngevinga er at nettet har endra funksjon etter idriftsetting av 420kV Ørskog/Sogndal, og har funksjon som regionalt distribusjonsnett. SFE Nett/Linja AS har hatt støtte for dette synet hos Statnett, som har søkt tilsvarende omklassifisering for liknande 132kV-nett. NVE gjorde hausten 2019 sitt endelege vedtak i samsvar med SFE Nett (Linja) sin søknad, dvs nettet skal definerast som regionalt distribusjonsnett. Vedtaket vart klaga inn for OED av Norsk Hydro, Elkem og Sunnfjord Energi/BKK Nett.

OED gjorde vedtak i samsvar med Linja AS sin søknad i juli 2020, og Linja AS er dermed eigar av 132kV hovudnett i regionen. Vedtaket har vidare aktualisert av kjøp av Statnett sitt 132kV-nett i Sogn.

Covid-19 pandemien

Covid-19 pandemien ramma Norge og verden sterkt i 2020. Fysisk og sosial kontakt mellom mennesker er delvis sett på vent og verksemdene tok i 2020 bruk digitale løysingar i svært stor grad for å kunne gjennomføre normal aktivitet og nødvendige arbeidsoppgåver.



Arbeidsaktiviteten utanom drift og vedlikehald av anleggsmassen vart i stor grad flytta ut av verksemdene sine lokaler og inn i tilsette sine heimar. Sjølv om det er utvikla vaksiner som synest å ha bra effekt er det framleis stor usikkerheit knytt til pandemien sin vidare utvikling i Norge og verden. Linja AS er i mindre grad ramma av pandemien enn mange andre verksemdar. Etterspørselen etter Linja sitt hovudprodukt, som er transport av fornybar elektrisitet, er i alle fall på kort sikt i mindre grad påverka av pandemien. Linja AS har også klart å oppretthalde normal drift på anlegga under pandemien. Bygging av nye og rehabilitering av eksisterande anlegg er berre i mindre grad blitt forseinka. I stor grad har ein klart å finne gode løysingar på utfordringane som har oppstått.

Rettvisande oversikt over utvikling og resultat

Resultatrekneskapet

Nokre nøkkeltal frå rekneskapet:

Tal i mill kroner:	2020	2019	2018
Resultat etter skatt	54,2	66,6	34,8
Driftsresultat	79,6	100,9	57,1
Driftsresultat monopol	59,9	82,3	54,8

Sum driftsinntekter er 496,3 mill. kr i 2020. Det er ein reduksjon på 4,7 mill. kr samanlikna med 2019. Av inntektene utgjer overføringsinntekter 419,7 mill. kr mot 447,0 mill. kr i 2019. Reduksjonen i overføringsinntekter er 27,4 mill. kr. Årsaka er at lågare nettariffer og reduksjon i overført mengde på 34 GWh eller 4,6% i 2020 samanlikna med 2019.

Driftsresultatet i 2020 er 79,6 mill. kr, ein reduksjon på 20,8 mill. kr. samanlikna med 2019. Hovudårsaka til redusert driftsresultat samanlikna med 2019 er at ein i 2019 hadde reduserte pensjonskostnader som følgje av at ein lukka selskapet si ytingsordning. Resultat etter skatt er 54,3 mill. kr, ein reduksjon på 12,4 mill. kr målt mot 2019.

Balansen:

Sum varige driftsmidlar er i 2020 auka med 144,7 mill. kr til 1.866,5 mill. kr. Finansielle leigeavtaler utgjer 144,9 mill. kr av langsiktige fordringar. Andre kortsiktige fordringar på 263,4 mill. kr er i all hovudsak konserninterne fordringar.

Pensjonsforplikting er auka med 16,3 mill. kr til 51,2 mill. kr. Selskapet si rentebærande langsiktige gjeld er auka med 175 mill. kr til 1.300 mill. kr. I tillegg har selskapet ei konsernintern forplikting på 26,5 mill. kr. Akkumulert meirinntekt nettleige på 36,5 mill. kr ved starten av året er auka med 11,0 mill. kr til ei meirinntekt på 47,6 mill. kr ved utløpet av 2020.

Selskapet har ein eigenkapital på 736,1 mill. kr eller 31,1%. Pr. 2019 var eigenkapitalen på 31,6%.



Kontantstrømanalyse/likviditet:

Selskapet har ein negativ kontantstrøm frå drifta på 195,5 mill. kr og ein negativ kontantstrøm frå investeringsaktivitetar på 175,0 mill. kr. Negativ kontantstrøm frå drifta og positiv kontantstrøm frå finansieringsaktivitetar inkluderer 182,8 mill. kr i konsernfinansiering. Det er brukt 154,5 mill. kr på investeringar. Til saman gjev årets endringar ei auke i beholdning av kontantar på 667 tusen samanlikna med 2019.

Morselskapet som konsernbank finansierer Linja AS.

Styret er ikkje kjend med at det har oppstått hendingar etter balansedagen som har vesentleg innverknad på resultat og balanse pr. 31.12.2020 eller på selskapet si framtid.

FoU

Linja har i 2020 delteke i fleire FoU-prosjekt av ulik storleik. Dei to største er «FME CINELDI» og «OPAL». Av mindre pågåande prosjekt har Linja vore engasjert i «Optimal beredskap GIS-anlegg» og «Elektrifisering av transportsektoren» som begge vart avslutta ved årslutt. I tillegg har vi delteke på ein moglegheitsstudie knytt til bruk av satellittdata for overvaking av linjenettet, der resultatata blir teke inn i eit demonstrasjonsprosjekt med oppstart i løpet av 2021.

Januar 2020 vart Linja engasjert i «OPAL» som er ei vidareføring av arbeidet som er gjort i «ASTRUM».

- «FME CINELDI» er eit stort bransjesamarbeid der vi utarbeider ein transisjonsstrategi som skal sørge for at vi bygger energisystemet for framtida. Prosjektet har 27 partnerar, går over 8 år, frå 2016 til 2024, og har ei samla ramme på 360 MNOK der SFE sin del er 4,8 MNOK jamt fordelt på kontantbidrag, demoområde og timeinnsats.
- «Optimal Beredskap GIS-anlegg» er eit utviklingsprosjekt i regi av REN. Dette omfattar kartlegging av beredskapsbehovet og spesifisere kva som trengs av materiell, kunnskap og kompetanse for å kunne ha ein optimal beredskap i norsk kraftforsyning. Prosjektet hadde opprinneleg ei varigheit på 3 år, frå 2016 – 2018 med ei samla ramme på 6,9 MNOK, der Linja sin del var på 120 000 NOK i finansielt bidrag og 190 000 NOK i eigeninnsats fordelt på 2 år (2017 og 2018). Prosjektet er forlenga til ut 2020, der det for Linja vil påløpe ytterligare 80 000 NOK. Deretter går prosjektet over i ei innkjøpsfase og vil difor ikkje lenger bli rekna som FoU. Dette prosjektet blir no avslutta.
- «Elektrifisering av transportsektoren» er eit nytt utviklingsprosjekt i regi av REN. Målet med prosjektet er å utvikle kunnskap, metoder og verktøy knytt til tre fokusområder: ferjelading, landstrøm og lading av tungtransport, der bidragsytarane får tilgang på resultat etter kvart som dei blir utarbeida. Som bidragsytar vil Linja få tilgang på anbefalingar for handtering av forespørslar, avtaleverk og metodikk for prosjektering. Prosjektet har ein varigheit på 3 år, frå 2018 – 2020, med ei samla ramme på 9 MNOK. Linja sitt bidrag er reint økonomisk på totalt 45 000 NOK fordelt over heile perioden – 15 000 per år. Dette prosjektet blir no avslutta.



- Connected Drone 2 er ein bildebehandlingsplattform som ved hjelp av kunstig intelligens skal hjelpe oss med å samle inn og analysere bilete frå befarung av linjenettet. Prosjektet er i regi av eSmart saman med 22 kundepartnarar, og er ei forlenging av det opphavelge utviklingsprosjektet som vart avslutta i 2018. Connected Drone 2 har ei total kostnadsramme på 56 MNOK fordelt over 3 år og blir avslutta sommaren 2021. Linja sitt samla bidrag er 1,1 MNOK og 0,5 MNOK på eigeninnsats.

Prosjektet har NVE-godkjenning for finansiering gjennom FoU-ramma og Skattefunn, der vi har opning for å bruke opp i mot 1 MNOK på eigeninnsats dersom vi ønsker.

- Grid EyeS er ei mogleighetsstudie som tek føre seg bruk av satelittbilder, vèrinformasjon og historiske utfallsdata for å bygge ein risikohandteringsmodell som skal hjelpe oss med å forutsjå/seie noko om faren for vegetasjonsrelatert linjeutfall. Prosjektet er i regi av StormGeo i samarbeid med eSmart og HVL, og er fullfinansiert av European Space Agency (ESA), og vart avslutta sommaren 2020.

Resultatet frå mogleighetsstudien blir no vidareført til eit demonstrasjonsprosjekt. Linja blir med som partnar med tilgang til historiske data som vårt bidrag, utan noko finansielt bidrag utover dette. Dette er verdsett til €300 000, over prosjektperioden på 18 månader.

- OPAL står for «Open AI-plattform for Utilities» og er ei vidareføring av ASTRUM med fokus på å skape ein open plattform for anvendt kunstig intelligens for nettselskap. Grunntanken med prosjektet er knytt til ei forventning om at maskinlære og bruk av kunstig intelligens har potensialet til å revolusjonere drift av kraftnettet, og med dette som utgangspunkt er målet å berike Connected Grid-plattformen med meir funksjonalitet.

Prosjektet er planlagt med ein varighet på tre år, frå 2020 t.o.m. 2022, med ein total kostnad på 50 MNOK. Linja sitt totale bidrag fordelt over desse tre åra er på 6,5 MNOK (finansielt: 5MNOK, eigeninnsats: 1,5MNOK), med moglegheit for å tre ut av avtalen kvar 1. januar.

Finansiell risiko

Linja AS er eksponert for risiko knytt til utfall i nettet. Utfall i nettet inneber ein KILE-kostnad som vert trekt direkte frå inntektsramma. Det er etablert vedlikehaldsplanar og vaktordningar for å handtere denne risikoen.

Linja AS er også eksponert for ei usikker inntektsrammeregulering som kan gje til dels store utslag på resultatet og meir/mindreinntekta.

Arbeidsmiljø, likestilling, diskriminering

Linja AS er IA-bedrift i og med at ny sentral IA-avtale 2019-22 mellom staten og partane i arbeidslivert er gjort gjeldande for alle bedrifter. Sjukefråvær for 2020 er på totalt 2,87 %, fordelt på 1,44 % langtidssjukmeldte og 1,43 % korttids sjukefråvær. Selskapet arbeider



målbevisst med tiltak for å redusere risiko for slitasjeskader då yrket energimontør er fysisk krevjande.

HMS grunnopplæring vert fortløpande gjennomført for alle i leiande stillingar, alle med personalansvar og verneombod.

I 2020 har det vore 4 skadar, 1 av desse resulterte i skadefråvær på 1 dag. Det er ei god utvikling sidan 2019, skadar som ikkje medførte fråvær er redusert med 1, og fråværsdagar redusert med 4.

Ingen av hendingane har medført alvorleg helsemessig skade eller fare for etterverknad.

Skadestatistikk for Linja AS 2020

		Antal	Linja 2020 Faktor (tal)	Konsern – 2020 Faktor (tal)
Skader med fråvær	H1	1	4,8 ¹⁾	5,1 ¹⁾
Skader med og utan fråvær	H2	3	19,3 ²⁾	12,8 ²⁾
Fråværsdagar	F	1	4,8 ³⁾	35,8 ³⁾

SFE-konsernet har satt seg konkrete mål som ledd i å oppfylle partane i arbeidslivet sine nasjonale målsettingar om eit inkluderande arbeidsliv - Reduksjon i sjukefråvær og redusere fråfallet frå arbeidslivet. Med eit sjukefråvær på 2,49% (2,87% i Linja) i 2020 nådde konsernet målet om eit sjukefråvær lågare enn 3,0%. I konsernet har ein gjennomført fleire vellykka prosjekt i forhold til å hindre fråfall for eigne tilsette og inkludere fleire i arbeidslivet. Sistnemnde i samarbeid med NAV.

Selskapet har slik kjønnsfordeling basert på tal årsverk:

Linja AS hadde pr. 31.12.2020 134 tilsette, av dette 118 menn og 16 kvinner. Dette inkluderer 7 lærlingar. Pr. 31.12.2019 var antal tilsette 139, dvs ein reduksjon på 5 personar. Det er utført 134,09 årsverk, mot 139,56 årsverk i 2019.

Det er ingen menn som er deltidstilsette, men 2 av 16 tilsette kvinner er tilsett i delstilling.

Det er ingen midlertidig tilsette.

Ei kvinne har hatt foreldrepermisjon i 20,2 veker.

5 menn har hatt foreldrepermisjon i gjennomsnitt 7,5 veker pr. person.

Leiargruppa på øvste nivå består av 8 personar, av dette ei kvinne.

Styret har 4 medlemmer (5 etter val des 2020) samansett av 3 aksjonærvalde og 1 vald mellom dei tilsette. Styret hadde ingen kvinnelege medlemmer i 2020, men 1 kvinne i styret frå 01.01.2021.

Selskap i SFE-konsernet, inkl Linja AS, sin personalpolitikk skal stimulere til aktiv likestilling. Ein sentral del av SFE sin lønspolitikk er at det skal vere lik løn for likt arbeid og lik vurdering ved individuell lønsfastsetting som er basert på resultatoppnåing, fleksibilitet og kompetanse. Det er lagt vekt på likestilling både ved intern og ekstern rekruttering. Som ei ansvarleg verksemd skal SFE følgje opp når det gjeld likestillings- og diskrimineringslova sine intensjonar, rettar og plikter. Dette inneber mellom anna at vi arbeider aktivt for å hindre

diskriminering i samband med rekruttering, løns- og arbeidsvilkår, utviklingsmoglegheiter og tilrettelegging av arbeidsplassen for den enkelte medarbeidar.

Områder



Likestillings- og diskrimineringsombudet

www.ldo.no

Å styrke mangfaldet er også ein sentral del av SFE-konsernet sin gjeldande strategiplan. Å styrke likestilling og hindre diskriminering er som skissert over eit stort virkeområde. Med den kjønnsamansetning ein har i SFE-konsernet, er det å auke kvinneandelen ei naturleg og iaugefallande målsetting i dette mangfaldet – både fleire kvinnelege tilsette og fleire kvinnelege leiarar. Tiltak i denne retning er t.d. å oppmøde kvinner om å søkje når vi annonserer nye stillingar, tilrettelegge og vere medvitne på at SFE skal vere, og framstå som ein god og attraktiv arbeidsplass også for kvinner. SFE-konsernet har også ei målretta satsing på å auke andel kvinnelege leiarar. Døme på dette er deltaking på NHO sitt leiarutviklingsprogram Female Future og medviten satsing på andre eksterne leiarutviklingsprogram. Ulik handsaming av kvinner og menn er eit område SFE-konsernet har nulltoleranse. Dette er tema i alle medarbeidar- og utviklingssamtaler. Det er også eit sentralt område i våre organisasjonsmessige kartleggingar og undersøkingar, og er ein del av oppfølginga av desse. Leinga og tillitsvalde har ei felles målsetting, og jobbar tett og aktivt saman, i eit plan- og målretta arbeid for å sikre likestilling og hindre diskriminering i SFE. Kartlegging og undersøking, vurdering av årsaker, treffe tiltak og evaluere er sentralt for dette arbeidet. SFE skal sikre aktivitetsplikta på dette området, samt gjere greie for og dokumentere kva som blir gjort av tiltak og oppnådde resultat.

SFE/Linja er medvitne på universell utforming av våre bygg. For å støtte krava til universell utforming har vi heis og rullestolramper. Vi meiner med det at administrasjonsbygga våre er godt tilrettelagd for alle.

Ytre miljø

Aktivitetar i SFE som medfører direkte forureining eller utslepp som kan skade det ytre miljøet er i hovudsak knytt til reiseverksemd med personbilar og helikoptertransport i samband med bygging, drift og vedlikehald av anlegg. For å redusere dette har SFE ein policy om å bruke/overgang til nullutsleppstransportmiddel så langt dette let seg gjere for å løyse verksemda sine oppgåver. Ein legg i tillegg vekt på å bruke moderne teknologi for å redusere behovet for reiseverksemd. Produksjon av vasskraft er rein og fornybar energi som er mellom



dei mest miljøvennlige former for energiproduksjon vi har, og medfører i svært liten grad klimautslipp eller forureining av det ytre miljøet. Kraftleidningar, kabelgrøfter og transformeringsanlegg medfører inngrep i natur og miljø. I samband med nye anlegg vurderer Linja AS nye miljømessige konsekvensar, blant anna tilpassing til terreng. Spesielt har traseval i forhold til naturinngrep og elektromagnetiske felt fått auka merksemd.

SFE har fokus på FN sine berekraftsmål, EU sin handlingsplan for berekraftig finans og Taksonomi-regulering (klassifiseringssystem for berekraftig verksemd) og har iverksett arbeid for systematisk oppfølging og rapportering i forhold til mål og krav.

SFE-konsernet er medlem av Klimapartnere, fører klimarekneskap og er Miljøfyrtårn, og har for heile konsernet som målsetjing å vere klimanøytral i 2021.

Det er kjeldesortering av avfall ved alle anlegg i konsernet i tillegg til at spesialavfallscontainer er tilgjengeleg på anlegg etter behov.

Alt straumforbruk i konsernet sine forretningsbygg er dekkja ved opphavsgarantiar frå SFE sin eigen produksjon i Øksenvane, Mel og Åskåra II. Forbruket er såleis dokumentert som ikkje-ureinande og i tråd med ordninga slik NVE føreskriv.

Eigarstyring og selskapsleiing

Norsk utval for eigarstyring og selskapsleiing (NUES) utarbeider tilråding for eigarstyring og selskapsleiing. Tilrådinga skal bidra til å klargjere rolledelinga mellom aksjeeigarar, styre og dagleg leiing utover det som føl av lovgivning. SFE er ikkje pålagt gjennom lov eller regelverk å følgje denne tilrådinga, men har likevel valt å følgje tilrådinga så langt den er relevant. På SFE si heimeside vil ein finne SFE si vurdering av status i forhold til NUES si tilråding.

Samfunnsansvar

Samfunnsansvar for SFE omfattar mellom anna vår økonomiske verdiskaping for offentlege eigarar og våre lokalsamfunn, produksjon av kraft frå fornybare energikjelder, utvikling og drift av ein kritisk infrastruktur for samfunnet, ein bærekraftig og mest mogleg skånsam bruk av naturen, og omfattande samarbeid med frivillige lag og organisasjonar.

Fleire av desse områda er omtalt andre stadar i årsmeldinga. Når det gjeld SFE-konsernet si sponsorverksemd, så omfattar den samarbeid med rundt 80-90 frivillige lag og organisasjonar kvart år. Dette er ein viktig del av vårt samfunnsansvar, samstundes som det er ein arena der vi profilerer vår merkevare. Hovudvekta av slike samarbeid skjer i våre eigarkommunar, der vi har større nett- og produksjonsprosjekt eller kundekonsentrasjonar, eller gjennom fylkesdekkande organisasjonar. Vi søkjer ein rett balanse mellom idrett, kultur og utdanning/kompetanse i vår miks av samarbeid.

Hendingar etter balansedag

Linja AS har 1.kvartal, med verknad tilbake til 01.01.2021, kjøpt 132kV linjestrekningar og stasjonsanlegg i Sogn, om råde Høyanger, Mel-Grinsdalen-Sogndal, og Fortun-Øvre Årdal-Årdalstangen, frå Statnett. Dette påverkar ikkje resultat eller balanse i 2020.



Årsresultat og disponeringar

Styret foreslår slik disponering av årsoverskotet i selskapet:

Motatt netto konsernbidrag	kr. 41.730.000,00
Overført til anna egenkapital	kr. 95.991.469,07
Årsresultat	kr. 54.261.469,07

Florø 16.mars 2021

Erling Sande
-styreleiar-

Ole Bent Søreide
-nestleiar-

Rune Kiperberg
-styremedlem-

Per Martin Haavik
-styremedlem-

Anne Svangtun
-styremedlem-

Asgeir Aase
-dagleg leiar-



Notar til rekneskapen 2020

1. Rekneskapsprinsipp

Linja AS sin rekneskap er ført i samsvar med rekneskapslova av 1998 og reglane for god rekneskapsskikk i Noreg.

Grunnleggande forhold

Årsrekneskapen for Linja AS består av resultatrekneskap, balanse, kontantstramanalyse og noteopplysningar.

Prinsipp for inntekts- og kostnadsføring

Inntektsføring i rekneskapen skjer ved levering av varer eller tenester til kunde. Kostnader vert medteke i rekneskapen i den perioden dei påløper. Det er ikkje kostnadsført avsetningar til periodisk vedlikehald.

Nettverksemda vert regulert av styresmaktene ved at Noregs Vassdrags- og Energidirektorat (NVE) fastset årlege inntektsrammer for kvart selskap. Inntektsramma skal gje grunnlag for ei rimeleg avkasting på investert kapital for bransjen totalt sett.

NVE fastsett årleg inntektsramme for det enkelte nettselskap. Inntektsramma er det beløpet som NVE tillet at den enkelte konsesjonær kan krevje inn som nettleige frå sine kundar. Dei årlege inntektsrammene er gjevne ut frå parameter som nettselskapet sitt kostnadsnivå, kostnadsnivået til samanliknbare nettselskap, kraftpris, rentenivå, verdien av nettanlegga, feilstatistikk og generell prisstigning. Kraft som ikkje kjem fram til kundar ved feilsituasjonar blir verdsett etter ein samfunnsøkonomisk pris. Kvart år vert kostnaden ved avbrøt rekneskapsmessig kostnadsført og reduserer inntektsramma som nettselskapet kan krevje inn frå kundane.

Kvart år vert avviket mellom faktiske innkravd inntekt frå kundane og tillaten inntekt berekna i form av ei meir-/mindreinntekt. Akkumulert meir-/mindreinntekt (saldo) vert rekneskapsført som enten gjeld eller fordring til nettkundane. Akkumulert meir-/mindreinntekt vert renterekna i samsvar med rentesats og prinsipp fastsett av NVE. Tilbakeføring av meir-/mindreinntekt skjer gjennom justering av nettariiffane.

Akkumulert meir-/mindreinntekt vert balanseført og bokført netto som enten gjeld eller fordring til nettkundane.



Hovudregel for vurdering og klassifisering av balansepostar

Eignelutar som er bestemt til varig eige eller bruk er klassifisert som anleggsmiddel. Andre eignelutar er klassifisert som omlaupsmidlar. Fordringar som skal tilbakebetalast innan eit år er klassifisert som omløpsmiddel. Ved klassifisering av kortsiktig og langsiktig gjeld er tilsvarande kriterium lagt til grunn. Anleggsmiddel er vurdert til anskaffingskost, men vert nedskrive til verkeleg verdi når verdifallet ikkje forventast å vere forbigåande. Dersom anleggsmiddelet har avgrensa økonomisk levetid vert det avskrive planmessig over levetida. Ved vurdering av omlaupsmidlar er lågaste verdis prinsipp nytta, slik at omlaupsmidlane er vurdert til lågaste verdi av anskaffingskost og marknadsverdi.

Langsiktig gjeld vert balanseført til pari kurs. Kortsiktig gjeld vert balanseført til motteke beløp på lånetidspunktet, og vert ikkje oppskrive til verkeleg verdi som følge av renteendring.

Enkelte postar er vurdert etter andre reglar og desse er det gjort greie for nedanfor.

Varige driftsmidlar og avskrivningar

Varige driftsmiddel vert avskrive lineært over forventa levetid. Avskrivning vert hovudsakeleg starta året etter investeringsåret. Eigne investeringsarbeid vert aktiverte på driftsmiddelet etter marknadsmessig timesats. Det vert aktivert byggelånsrenter på større investeringar med byggetid på meir enn 6 månadar, medan meir ordinære investeringar ikkje vert aktiverte med byggelånsrenter. Motteke anleggsbidrag går til frådrag i kostpris på driftsmiddelet. Større periodiske vedlikehaldsutgifter vert aktiverte i balansen og utgiftsførte over vedlikehaldsintervallet. Det vert gjort rekneskapsmessig avsetjing for eventuelle fjerningsforpliktingar der det ikkje er planer om å oppføre ny linje.

Aksjar i dotterselskap og tilknytta selskap

Linja AS eig 45% av selskapet Etrygg AS. Tilknytte selskap er ført inn i rekneskapen etter egenkapitalmetoden.

Behaldning av driftsmateriell

Verdien av lagerført materiell for drift og vedlikehald er ført opp etter innkjøpskost. Oppføringa samsvarar med listepriis frå leverandør. I rekneskapen er det avsett for ukurans.

Fordringar

Kundefordringar og andre fordringar er oppført til pålydande etter frådrag for avsetning til forventa tap. Avsetning til tap er gjort på grunnlag av ei individuell vurdering av dei enkelte fordringar. I tillegg er det for andre kundefordringar avsett ein uspesifisert avsetning for å dekke forventa tap.

Finansielle leigeavtaler

Finansielle leigeavtaler er balanseført som langsiktig fordring til noverdien av dei framtidige leigene diskontert med den innkalkulerte renta i leigeavtala. Den årlege leiga består av avdrag



på gjeld og eit renteelement. Renteelementet vert ført som ei finansinntekt og avdraget som ein reduksjon av balanseført langsiktig fordring.

Pensjonar

Selskapet har både ytelsespensjon og innskotspensjon.

Ytelsespensjon

Linja, som resten av SFE-konsernet, rekneskapsfører pensjon i samsvar med IAS 19R slik NRS 6 gir høve til. Årlege estimatavvik vert balanseført mot eigenkapitalen. Estimert pensjonskostnad ved utløpet av forrige rekneskapsår dannar grunnlaget for pensjonskostnaden for neste år. Avvik mellom estimert pensjonskostnad og faktisk pensjonskostnad vert balanseført direkte mot eigenkapitalen saman med aktuarielle gevinstar og tap i perioden. Ved rekneskapsføring av pensjon er lineær oppteningsprofil og forventta sluttlønn som oppteningsgrunnlag lagt til grunn. Arbeidsgjeveravgift er inkludert i tala. Pensjonsmidlane vert vurdert til verkeleg verdi.

Innskotspensjon

I ei innskotsordning betaler selskapet årleg det selskapet har forplikta seg til ved avtale. Selskapet har ikkje ytterlegare forplikingar utover denne betalinga. Innskotet vert ført som ein lønskostnad når det vert betalt.

Prinsipp for kontantstraumanalyse

Kontantstraumanalyse er utarbeida med basis i den indirekte metoden. Dette innebærer at ein i analysen tek utgangspunkt i foretaket sitt årsresultat for å kunne presentere kontantstraumar tilført frå henholdsvis ordinær drift, investeringsverksemda og finansieringsverksemda.

Skattar

Linja betalar to ulike skatteartar. Dette er alminneleg overskotsskatt og eigedomsskatt.

Overskotsskatt

Overskotsskatten vert berekna etter dei ordinære skattereglane. Skattekostnaden i resultatrekneskapsdelen er samansett av betalbar skatt og endring i utsett skattefordel/skatteforpliktning. Betalbar skatt vert berekna på grunnlag av året sitt skattemessige resultat. Utsett skattefordel/skatteforpliktning vert berekna på grunnlag av midlertidige skilnader mellom rekneskapsmessige og skattemessige verdiar. Utsett skatt er rekna etter nominell verdi.

Eigedomsskatt

Eigedomsskatten er ein overskotsuavhengig skatt. Anlegg vert verdiset gjennom ein eigedomsskattetakst. Eigedomsskatten utgjør inntil 0,7% av grunnlaget. I rekneskapsdelen er eigedomsskatten teken med som ein driftskostnad.

**2. Salsinntekt og årets meir(-)/mindreinntekt(+)**

Beløp i 1 000 kr.		
Inntekter frå kraftoverføring	2020	2019
Tillatt inntekt	358 933	359 361
Korreksjonar frå tidlegare år	-4 851	1 492
Sum inntekt kraftoverføring	354 082	360 853
Årets meir(-)/mindreinntekt (+) framkjem slik		
Inntektsramme NVE, inkl. KILE	297 955	287 898
Tillegg endra kapitalgrunnlag og avskrivning	-4 208	1 296
Årets KILE kostnad	-13 384	-5 267
Tillatt inntekt i eige nett	280 363	283 927
Kostnader overliggande nett	67 969	66 075
Eigedomsskatt	6 976	7 077
Godkjente FoU kostnader	3 625	2 282
Tillatt inntekt	358 933	359 361
Nettleige	362 277	386 340
Påslag kraft til leveringsplikt	959	1 355
Andre inntekter/inntekter abb., måling og avrekning	1 482	1 013
Faktisk inntekt frå nettverksemda	364 718	388 707
Årets meir(-)/mindreinntekt (+)	-5 785	-29 346
Årets endring i meir (-)/mindreinntekt (+) inkl. renter		
Akkumulert meir(-)/mindreinntekt (+) 1.1	-36 551	-8 413
Korreksjonar tidligare år	-4 851	1 492
Årets meir(-)/mindreinntekt (+) 1.1	-5 785	-29 346
Årets renter meir-/mindreinntekt	-379	-284
Sum akkumulert meir(-)/mindreinntekt (+) 31.12	-47 566	-36 551

Beløp i 1 000 kr	Geografisk fordeling	Geografisk fordeling
Driftsinntekter	2020	2019
Eige konsesjonsområde	496 368	501 034
	Pr. resultatområde	Pr. resultatområde
Nettleiginntekter:	422 300	452 941
Driftsinntekt konserninternt	633	9 897
Driftsinntekt eksternt:	19 930	13 722
Driftsinntekter nettdrift	442 863	476 560
Andre resultatområde	53 505	24 474
Sum driftsinntekter	496 368	501 034

Notar Linja 2020

Side 4 av 16

Electronically signed / Sähköisesti allekirjoitettu / Elektroniskt signerats / Elektronisk signert / Elektronisk underskrevet
<https://sign.visma.net/nb/document-check/7d8e6111-284b-43cb-9f3b-a452e0c439f5>

VISMA Sign
www.vismasign.com



3. Nettdrift avkasting

Beløp i 1 000 kr		
Driftsresultat	2020	2019
Monopolverksemd (nettdrift)	59 859	82 367
Konkurransutsett drift	19 722	18 542
Samla driftsresultat	79 581	100 909

Beløp i 1 000 kr	2020	2019
Driftsresultat nettdrift	59 859	82 367
Justert for kostnader som ikkje inngår i «NVE-resultat»	6 267	5 124
Pensjonskostnad ført direkte mot eigenkapital	-15 158	-4 015
Driftsresultat nettdrift – Avkastningsgrunnlag	50 968	83 476
Gjennomsnittlig nettkapital	1 678 062	1 541 915
Avkastning:	3,04%	5,41%

Pr. oktober 2020 er NVE si referanserente for 2020 estimert til 5,22%

4. Behaldning av driftsmateriell

Beløp i 1 000 kr	2020	2019
Elektromateriell	21 656	21 420
Avsetting for ukurans	-844	-811
Bokført verdi ferdigvarer	20 812	20 610

5. Kraftkjøp

Posten gjeld konserninternt kjøp av kraft til dekning av tap i nett.

**6. Lønskostnader, tal tilsette, godtgjeringar m.m****Lønskostnader, antall årsverk, godtgjeringar m.m:**

Beløp i 1 000 kr	2020	2019
Løn	96 002	96 122
Arbeidsgjevaravgift	12 005	12 984
Pensjonskostnader	12 486	-8 592
Andre ytingar	1 986	4 991
Aktivering egne tilvirka driftsmidlar	-49 589	-52 079
Sum	72 890	53 427
	2020	2019
Antall årsverk, (inkl lærlinger og trainee)	134,09	139,56
Herav menn	119,26	123,45
Herav kvinner	14,83	16,11

Ytingar til leiande personar

Beløp i 1 000 kr	Nett.dir	Styre
Løn	1 619	112
Betalt pensjonspremie	295	0
Anna godtgjering	136	0
Sum	2 050	108

Det er berre eksterne medlemmer og medlemmer frå dei tilsette i styret som mottak styrehonorar. Nettdirektør har ikkje særskilt avtale om godtgjersle ved opphør av arbeidsforholdet, men har høve til å gå over i anna stilling etter fylte 62 år. Nettdirektør er tilsett på fastløn. For nettdirektør er det avtalt innbetaling av eit årleg innskott på 12% utover 12G til eigen innskottspensjon og rett til å gå av med tidlegpensjon frå 64-67 år med 66% av lønnsgrunnlag. Arbeidsgjevar kan også be om at nettdirektøren tek tidleg pensjon frå 64 år.

Kostnader til revisor

Beløp i 1 000 kr	2020	2019
Lovpålagt revisjon	109	84
Andre attestasjonstenester	52	47
Sum	161	131

Beløpa over viser godtgjersle til Deloitte AS og Ernst & Young AS for revisjon og revisjonsrelaterte tenester, samt godtgjersle for andre tenester.

Lån og garantiar til fordel for

Beløp i 1 000 kr	Lån	Garantiar
Tilsette i SFE-konsernet	10	0
Adm.dir, aksjeeigarar og medlemmer av styret	0	0
Nærstående til aksjeeigarar og medlemmer av styret	0	0

Lån tilsette har løpetid utover 1 år.



7. Andre driftskostnader

Beløp i 1 000 kr	2020	2019
Lokalar/eigedom	7 152	9 964
Reparasjonar og vedlikehald	72 511	40 224
Kjøpte tenester	30 081	29 417
Forsikringar	1 752	1 355
Leigekostnadar	5 665	7 859
Konsulenttenester	2 765	2 734
Andre driftskostnadar	9 724	10 434
FOU-bidrag	2 645	2 116
KILE avtaler	184	-575
Erstatningar	1 465	940
Sum andre driftskostnadar	133 944	104 468

8. Egedomsskattar og avgifter

Beløp i 1 000 kr	2020	2019
Konsesjons- og tilsynsavgifter	292	1 018
Eigedomsskatt	6 976	6 859
Sum andre driftskostnadar	7 268	7 876

9. Skattar

8a) Skilnad mellom resultat før skattekostnad og årets skattegrunnlag alminneleg inntekt

Betalbar skatt i årets skattekostnad knytt til alminneleg inntekt kjem fram slik:

Beløp i 1 000 kr	2020	2019
Resultat før skattekostnad	70 563	86 396
Permanente skilnader	3 518	3 383
Endring i negative midlertidige skilnader	-124 858	-93 888
Avgjeve konsernbidrag		
Motatt konsernbidrag	53 500	20 000
Alminneleg inntekt	2 724	15 892
Betalbar skatt av årets alminnelege inntekt	599	3 496

**9b) Beregning av utsett skatt**

Spesifikasjon av skatteeffekten av midlertidige skilnader og underskot til framføring for skatt på alminneleg inntekt:

Beløp i 1 000 kr	2020	01.01.20	Fusjon Trolleskjæret Næringsbygg	31.12.19
Skattesats	22 %	22 %	22 %	22 %
Anleggsmidler	-138 200	-108 733	-1 085	-107 648
Varebeholdning	185	178		178
Pensjonsforpliktning	11 281	7 690		7 690
Fordringar	-3 590	-3 151		-3 151
Langsiktig gjeld	0	759		759
Gevinst/tapskonto	-666	-1 176	-343	-833
Meir-/mindreinntekt	10 464	8 041		8 041
Sum	-120 526	-96 391	-1 428	-94 963
Ikkje balanseført utsett skattefordel				
Netto utsett fordel/gjeld i (-)balansen	-120 526	-96 391	-1 428	-94 963

9c) Spesifikasjon av skattekostnaden

Beløp i 1 000 kr	2020	2019
Skatt på alminneleg inntekt		
Årets betalbare skatt på alminneleg inntekt	599	3 496
Skatt på konsernbidrag	-11 770	-4 400
For mykje/for lite avsett skatt tidl. år	4	-20
Endring utsett skattefordel allmenn inntekt	24 134	19 772
Endring utsett skattefordel direkte mot egenkapital (pensjon)	3 335	883
Perioden sin ordinære skattekostnad på alm. inntekt	16 302	19 752

9d) Spesifikasjon av betalbar skatt i balansen

Beløp i 1 000 kr	2020	2019
Betalbar skatt på alm.inntekt	-11 171	-904
Skatteeffekt av mottatt konsernbidrag	11 770	4 400
Skatteeffekt av avgjeve konsernbidrag		0
Skatteeffekt av Skattefunn	-553	-319
Skuldig betalbar skatt i balansen	46	3 177

**10. Varige driftsmiddel**

Beløp i 1 000 kr	Sentralnettsanlegg	Hovedfordelingsanlegg	Fordelingsanlegg	Fiberanlegg	Inventar, utstyr, etc.	Tomter og bygninger	Anlegg i arbeid	Sum varige driftsmiddel
Anskaffelseskost 31.12.19	423 664	686 329	1 414 652	23 558	136 883	63 176	124 635	2 872 897
Fusjon Trolleskjæret Næringsbygg AS						56 780	646	57 426
Anskaffelseskost 01.01.20	423 664	686 329	1 414 652	23 558	136 883	119 956	125 281	2 930 323
Tilgang kjøpte anleggsmidler 2020	0	96 455	11 982	477	2 222	2 267	0	113 403
Tilgang eige tilv anleggsmidler	0	9 954	39 567	279	3 387	0	-3 598	49 589
Herav balanseførte lånekostnader	0	49	438	0	0	0	2 866	3 353
Avgang 2020	0	0	118	94	41	0	8 193	8 446
Akkumulert avskrivning 31.12.19	154 205	276 289	627 422	15 213	113 373	23 443	0	1 209 945
Fusjon Trolleskjæret Næringsbygg AS						8 361		8 361
Akkumulert avskrivning 01.01.20	154 205	276 289	627 422	15 213	113 373	31 804	0	1 218 306
Balanseført verdi 31.12.20	269 459	516 449	838 661	9 007	29 078	90 419	113 490	1 866 564
Årets ordinære avskrivning	6 595	9 809	31 003	1 311	7 514	2 628		58 860
Antatt økonomisk levetid	50	50	45	15	8	50		

11. Finansielle leigeavtaler /langsigtig fordring

SFE Nett som utleigar, finansiell leigeavtale	2020	2019
Spesifikasjon av årets leigeinntekter frå finansiell leigeavtaler		
Finansinntekt frå finansiell leigeavtaler	3 925	9 987
Sum inntekter frå finansielle leigeavtaler	3 925	9 987
Forholdet mellom bruttoinvesteringa og noverdi av utestående minimumsleige		
Brutto fordring finansielle leigeavtaler	251 300	203 564
Ikkje opptent leigeinntekt	106 465	79 257
Nettoinvestering frå finansielle leigeavtaler (Noverdi)	144 835	124 307
Andre langsiktige fordringar	119	119
Sum finansielle leigeavtaler/langsiktige fordringar	144 954	124 426



12. Aksjar

Tilknyttta selskap m.m.

Investeringane er rekneskapsført i selskapsrekneskopen etter eigenkapitalmetoden. Selskapet har følgjande eigarandelar i tilknyttta selskap:

Namn	Etrygg AS
Beløp i 1 000 kr	
Forretningskontor	Florø
Eigarandel	45,0 %
Stemmeandel	45,0 %
Balanse 01.01.2020	1 190
Andel årets resultat	264
Balanse 31.12.2020	1 454

Ved årsslutt har vi i tillegg desse aksjane:

Beløp i 1 000 kr	Kjøps kost	Aksjetal	Pålydande totalt kr.	Total aksjekapital	Vår eigardel
Ren AS	305	645	100	11 910	2,56%
Valider AS	293	2 927	278	12 937	3,32%
Sum	598				

Alle aksjane er oppført i balansen til kostverdi.

13. Mellomverande mellom selskap i same konsern og transaksjonar med nærstående partar

Beløp i 1 000 kr	2020	2019
Kundefordringar	2 147	1 519
Andre fordringar	261 756	45 358

Beløp i 1000 kr.	2020	2019
Leverandørgjeld	1 007	3 991
Anna gjeld	4 561	10 733
Langsiktig gjeld	1 300 000	1 125 000

Beløp i 1 000 kr	2020	2019
Finansielt kjøp frå Produksjon	5 492	22 289
Kjøp pliktig kraftleveranse frå Produksjon	1 252	4 153
Sal overføringstjeneste konsernselskap	17 550	19 484
Sal tjenester konsernselskap	19 338	13 967
Kjøp tjenester konsernselskap	34 561	38 442
Renteinnt. frå Sogn og Fjordane Energi AS	400	1 232
Renteutg. til Sogn og Fjordane Energi AS	23 568	32 776

Notar Linja 2020

Side 10 av 16

Electronically signed / Sähköisesti allekirjoitettu / Elektroniskt signerats / Elektronisk signert / Elektronisk underskrevet
<https://sign.visma.net/nb/document-check/7d8e6111-284b-43cb-9f3b-a452e0c439f5>

VISMA Sign
www.vismasign.com



Prising av tenester er basert på forretningsmessige vilkår og prinsippet om armlengdes avstand.

Linja AS har i 2020 betalt husleige til morselskapet med 3,7 MNOK.

14. Bank

Beløp i 1 000 kr	2020	2019
Skattetrekk, bunden konto	5 573	4 905
Sum	5 573	4 905

15. Eigenkapital

Eigenkapitalen er endra slik frå 31.12.2019 til 31.12.2020:

Beløp i 1 000 kr	Aksje- kapital	Overkurs	Annan innskoten eigenkapital	Annan eigenkapital	Sum
Eigenkapital 31.12.2019	150 000	98 572	100 508	287 161	636 241
Fusjon Trolleskjæret Næringsbygg AS	9 100	1	2 109	4 455	15 665
Eigenkapital 01.01.2020	159 100	98 573	102 617	291 616	651 906
Endring pensjonsforpl. ført mot eigenkapital i 2020	0	0	0	-15 158	-15 158
Endring utsett skatt pga endring pensjonsforpl.	0	0	0	3 335	3 335
Årets resultat	0	0	0	54 261	54 261
Motatt netto konsernbidrag	0	0	41 730	0	41 730
Sum	159 100	98 573	144 347	333 054	736 074

16. Aksjekapital og aksjonærinformasjon

Aksjonærer 31.12.2020	Ordinære aksjar	Sum pålydande	Eigarandel
Sogn og Fjordane Energi AS	1 500 000	100	100%



17. Pensjonskostnader og –forpliktingar

Konsernet sine pensjonsordningar

SFE-konsernet har to parallelle pensjonsordningar som oppfyller krava i lov om obligatorisk tenestepensjon og samsvarande tariffesta AFP-ordningar. Det er ein offentleg kollektiv pensjonsordning (ytelsesplan) og tenestepensjon med innskotsordning. Personell født i 1963 eller seinare er overført til innskotsordninga med verknad frå 01.januar 2020. Påslagsordninga i ny offentleg tenestepensjon som vart vedtatt av Stortinget i juni 2019 er derfor ikkje innført.

Innskotsordning

Innskotsatsane som vert betalt av arbeidsgjevar er 6 % av løn opp til 7,1 G og 18 % for løn mellom 7,1 G og 12 G.

Ytelsesplan i sikra (fondsbasert) ordning som er lukka

Linja har ein offentleg, kollektiv ytelsesordning som er lukka. Linja er medlem i Bergenhalvøens Kommunale Kraftselskap (BKK) si pensjonskasse. Pensjonsordninga er ei bruttoordning tilsvarande offentlege ordningar. Den gir dei tilsette ei bestemt framtidig pensjonsytning basert på talet på år med opptening og lønsnivået ved pensjonsalder.

Ytelsesplanen omfattar alders-, uføre-, etterlatte og barnepensjon. Alderspensionen utgjer ved full opptening 66% av pensjonsgrunnlaget for lønn opp til 12G. Alle født i 1943 eller seinare vil få pensjonen sin justert for levealder, noko som kan føre til ei pensjonsutbetaling som er mindre enn 66% av pensjonsgrunnlaget. Pensjonen vert regulert i samsvar med regelverket for offentleg pensjon. Ordninga vert finansiert ved at medlemmane betaler 2% av pensjonsgrunnlaget. Resterande pensjonspremie vert dekkja av Linja.

Avtalefesta pensjon og ytelsesplan i usikra (ikkje fondsbaserte) ordningar

Dei usikra ordningane er lukka. Dei usikra ordningane er AFP (avtalefesta pensjon) for tilsette med ytelsespensjon (offentleg ordning) og driftspensjonsordning for enkelte tilsette med løn over 12 G. Desse er samla presentert som usikra ordning.

Det vert ikkje gitt statstilskot til AFP-ordninga som er omfatta av offentleg kollektiv pensjonsordning. Arbeidsgjevar er dermed fullt ut ansvarleg for alle forpliktingar etter denne ordninga og desse er føresatt inkludert i usikra forpliktingar.

Tilsette som er omfatta av den innskotsbaserte pensjonsordninga har krav på privat AFP som er eit livsvarig tillegg til alderspensjonen frå Folketrygda, ref. AFP-tilskottsloven kap. 2. Denne AFP-ordninga vert finansiert ved at staten gir eit tilskot som utgjer 1/3 av pensjonen, medan arbeidsgjevar dekker det resterande. Arbeidsgjevar sin del utgjer 2,5% av løn mellom 1 G og 7,1 G for arbeidstakarar frå og med året dei fyller 13 år til og med kalenderåret dei fyller 61 år. AFP-ordninga vert rekneskapsført som ei innskotsordning. Ordninga vert administrert av rettssubjektet Felllesordningen for avtalefestet pensjon.

Aktuarielle berekningar

Pensjonskassa er administrert av Gabler Pension Services AS og aktuarberekningar er utført av aktuar i dette selskapet. Pensjonskostnaden er berekna i samsvar med IAS19. Det har som konsekvens at alle avvik frå estimat vert amortisert straks og ført rett mot eigenkapitalen.



Økonomiske føresetnader

Diskonteringsrenta er satt med grunnlag i obligasjonar med fortrinnsrett (OMF), jmf. Finansforetakslova kapittel 11, delkapittel II. Linja har vurdert at marknaden for obligasjonar med fortrinnsrett (OMF) oppfyller krava i IAS 19.83 til foretaksobligasjonar med høg kvalitet og tilstrekkeleg likvid marknad. OMF renta er samansett av 10 års swaprente pluss OMF-spread.

Dei økonomiske føresetnadane framkjem av tabell nedanfor. Norsk Regnskapsstiftelse har primo januar 2021 fastsatt veiledande føresetnader pr. 31 desember 2020 som har 0,2 prosentpoeng høgare diskonteringsrente og 0,25 prosentpoeng høgare lønsvekst enn Linja. NRS sine føresetnader ville ikkje medført vesentleg endring av forpliktelsen. Det er ingen relativt klare marknadsdata for lønsveksten, noko som gir større vurderingsrom enn for diskonteringsrenta. Estimat i nasjonalbudsjettet samt frå Noregs Bank og SSB støttar Linja si vurdering.

Det er utarbeidd sensitivitetsanalyser som viser konsekvensane for pensjonskostnader og – forpliktingar av å endre dei viktigaste parameterane. Resultatet er presentert i ein tabell. Endringa i kostnad gjeld pensjonskostnad i 2021 medan endring i forplikting gjeld pr. 31.12.2020.

Linja AS	Endring		Endring lønn	
	diskonteringsrente			
Sensitivitetsanalyse - beløp i 1 000 kr	1 %	-1 %	1 %	-1 %
Endring kostnad	-677	924	574	-476
Endring forplikting	-49 326	64 610	23 034	-19 454
	Endring G			
Sensitivitetsanalyse - beløp i 1 000 kr	1 %	-1 %		
Endring kostnad	295	-246		
Endring forplikting	39 959	-31 973		

Demografiske føresetnader

Linja vurderer dødelighetstabellen K2013BE som det beste estimat for dødelighet i dei aktuarielle berekningane pr. 31.12.2020. Begrepet K2013BE vert nytta av Finans Norge som omtale av det beste estimatet på dødelighetsgrunnlag basert på Finanstilsynet gjeldande forsikringstekniske berekningsgrunnlag i kollektiv pensjonsforsikring (K2013). Uføretabeller er basert på K63.

Kurva lønsvekst

Forventa individuelt karrieretillegg i Linja sine berekningar av pensjonsforplikting legg til grunn Gabler sin regresjonsmodell. Modellen brukar alder som ein forklaringsvariabel for storleiken på arbeidstakaranes sine individuelle karrieretillegg. Ut frå historiske bestandsdata i pensjonskassa, er det laga ei lønskurve som viser at den gjennomsnittlege veksten i individuelt karrieretillegg for tilsette i Linja er fallande med alder.

Berekningar viser at kurva lønsvekst gjev lågare pensjonsforplikting enn ved bruk av lineær lønskurve.



Følgjande føresetnader er brukt i berekningane:

	2020	2019
Årleg avkastning	1,50%	2,30%
Diskonteringsrente	1,50%	2,30%
Årleg lønsvekst	2,00%	2,50%
Årleg vekst G-beløp	1,75%	2,25%
Regulering av løpande pensjonar	1,00%	1,50%
AFP-uttak	25 % ved 62 år	25 % ved 62 år
Demografiske føresetnader	K2013BE, K63	K2013BE, K63
Frivillig avgang	45 år: 4,5% 45-60 år: 2,0% Etter 60 år: 0,0%	45 år: 4,5% 45-60 år: 2,0% Etter 60 år: 0,0%

Pensjonskostnader - midlar og forpliktelsar.

Beløp i 1 000 kr	Sikra ordning	Usikra ordning	Samla 2020	Samla 2019
A. Pensjonskostnad				
Årets pensjonsopptening	4 213	321	4 533	7 275
Arbeidsgiveravgift av årets opptening	447	34	481	771
Rentekostnad på pensjonsforpliktinga	6 339	244	6 583	7 978
Forventa avkastning på pensjonsmidlane	-5 905	0	-5 905	-6 688
Resultatført planendring	0	0	0	-20 829
Administrasjonskostnader	1 725	0	1 725	564
Total pensjonskostnad ytelsesbasert ordning	6 818	599	7 417	-10 929
B. Balanseført pensjonsforplikting				
Brutto pensjonsforplikting ved periodens slutt	297 347	15 089	312 436	289 949
Midlar ved periodens slutt	261 386	0	261 386	255 161
Balanseført pensjonsforplikting inkl arb.g.avgift	35 961	15 089	51 049	34 788
C. Endring i netto pensjonsforplikting				
Pensjonsforplikting i inngående balanse	24 192	10 597	34 788	52 281
Resultatført pensjonskostnad	6 818	599	7 417	-10 929
Aktuarielt tap (+), gevinst (-) ført mot eigenkapital	14 716	3 894	18 610	4 015
Innbetalingar inkl. arb.g.avg	-9 765	0	-9 765	-10 579
Balanseført pensjonsforplikting ved slutten av perioden	35 961	15 089	51 049	34 788

Den samla pensjonskostnad og forplikting i 2020

Beløp i 1 000 kr	Resultat- rekneskap 2020	Balanse 31.12.20
Pensjonskostnad ytelsesbasert ordning	7 417	51 049
Pensjonspremie pensjonsavtale leiande tilsette	65	231
Arbeidsgjevar sitt tilskot til innskotsbasert ordning	5 003	0
Sum pensjonskostnad/pensjonsforplikting	12 486	51 280

Notar Linja 2020

Side 14 av 16

Electronically signed / Sähköisesti allekirjoitettu / Elektroniskt signerats / Elektronisk signert / Elektronisk underskrevet
<https://sign.visma.net/nb/document-check/7d8e6111-284b-43cb-9f3b-a452e0c439f5>

VISMA Sign
www.vismasign.com



18. Langsiktig gjeld

Beløp i 1 000 kr	Lån 01.01.20	Aktuell rente	Nye lån 2020	Avdrag 2020	Restlån 31.12.20
Sogn og Fjordane Energi	325 000	5 år swap + 1,50%		325 000	0
Sogn og Fjordane Energi	50 000	5 år swap + 1,15%			50 000
Sogn og Fjordane Energi	250 000	5 år swap + 0,85%			250 000
Sogn og Fjordane Energi	300 000	5 år swap + 1,20%			300 000
Sogn og Fjordane Energi	200 000	5 år swap + 0,65%			200 000
Sogn og Fjordane Energi	0	5 år swap + 0,70%	500 000		500 000
Sum	1 125 000				1 300 000
Anna konsernintern gjeld					26 500
Sum langsiktig gjeld					1 326 500

All lånegjeld er konsernintern og har forfall innen fem år etter avslutning av regnskapsåret.

Beløp i 1 000 kr	2021	2022	2023	2024	2025	Etter 2025
Avdrags-/forfallsstruktur:						
Sogn og Fjordane Energi	50 000	250 000	300 000	200 000	300 000	0

19. Pantsetjingar og garantiar

Linja er deltakar i konsernet Sogn og Fjordane Energi si konsernkontoavtale og er solidarisk ansvarleg for rett oppfyljing av plikter som måtte oppstå under konsernkontoavtale og tilknytt kassakredittavtale, garantiar og avtale om trekkrett. Ramma for kassakreditt er på 100 mill.kr., og trekkrett er på 500 mill. kr. SFE-konsernet har gjeve negativ pantsettingserklæring til Danske Bank, Nordiske Investeringsbanken og knytt til opptekne obligasjonslån.

Linja har kausjonsansvar for kr. 250.000 for lån til tilknytt selskap Etrygg AS.

20. Konesjonar

NVE har etter heimel i lov av 29. juni 1990 (energilova) gjeve Linja AS konesjon til omsetting av elektrisk energi (omsettingskonesjon) fram til 31.12.2024. Linja har i tillegg anleggskonesjonar og områdekonesjonar i selskapet sitt forsyningsområde. Områdekonesjon gjeld til 01.01.2046. Det er ved behov fornying av Linja sine anleggskonesjonar prioritert ut frå auka effektbehov på grunn av nye kundar eller ny produksjon samt tilstand og alder på nettkomponentane. Slike konesjonar vert handsama fortløpande og dei nyaste konesjonane har fått gyldighet på 30 år.



21. Usikre forhold

Linja si inntektsramme består av en vedteken del, samt ein del som er rekna ut basert på investeringar og avskrivningar. Dette beløpet vert først endeleg når NVE fattar vedtak om meir-/mindreinntekt hausten 2021. Evt. estimatavvik som følgje av dette skal ikkje være vesentleg.

Notar Linja 2020

Side 16 av 16

Electronically signed / Sähköisesti allekirjoitettu / Elektroniskt signerats / Elektronisk signert / Elektronisk underskrevet
<https://sign.visma.net/nb/document-check/7d8e6111-284b-43cb-9f3b-a452e0c439f5>

VISMA Sign
www.vismasign.com

**SIGNATURES****ALLEKIRJOITUKSET****UNDERSKRIFTER****SIGNATURER****UNDERSKRIFTER**

This documents contains 32 pages before this page
Dokumentet inneholder 32 sider før denne siden

Tämä asiakirja sisältää 32 sivua ennen tätä sivua
Dette dokument indeholder 32 sider før denne side

Detta dokument innehåller 32 sidor före denna sida

Rune Kiperberg

7b0139cb-386b-45fd-a9d2-a0ee9ff99a82 - 2021-03-19 11:12:52 UTC +02:00
BankID - 0dce6c1f-fad2-469c-904a-cada3fb5202f - NO

Asgeir Aase

0cc21d89-a2c6-4299-8a35-e35da95bb511 - 2021-03-19 11:14:34 UTC +02:00
BankID - 04fd70ea-c683-4595-923e-72beabc0011b - NO

Ole Bernt Søreide

c2ad5a7b-0c4e-4318-9f53-d361f4bc8a13 - 2021-03-19 12:19:04 UTC +02:00
BankID - fe849dce-9a09-4a0b-86ff-b61917a0f58c - NO

Erling Sande

fc402574-7fae-4610-b48e-430514c795ae - 2021-03-19 16:49:08 UTC +02:00
BankID - 6da87198-dacb-42ea-9c6d-99095c1df893 - NO

Anne Svangtun

1b8e7a9c-5594-433c-9c9f-41c80bad6650 - 2021-03-19 20:10:59 UTC +02:00
BankID - d4902295-3e8e-44c3-bbd3-4df73c1325ed - NO

Per Martin Haavik

03957d96-ea66-48a8-80ab-e92b5e70116b - 2021-03-22 10:26:17 UTC +02:00
BankID - 1cd615d1-9c68-4a18-8dff-6a95d37f2c81 - NO

authority to sign
representative
custodial

asemavaltuus
nimenkirjoitusoikeus
huoltaja/edunvalvoja

ställningsfullmakt
firmateckningsrätt
förvallare

autoritet til å signere
representant
foresatte/verge

myndighed til at underskrive
repræsentant
frihedsberøvende

Electronically signed / Sähköisesti allekirjoitettu / Elektroniskt signerats / Elektronisk signert / Elektronisk underskrevet
<https://sign.visma.net/nb/document-check/7d8e6111-284b-43cb-9f3b-a452e0c439f5>

VISMA Sign
www.vismasign.com



Building a better
working world

Statsautoriserte revisorer
Ernst & Young AS

Dronning Eufemias gate 6A, NO-0191 Oslo
Postboks 1156 Sentrum, NO-0107 Oslo

Foretaksregisteret: NO 976 389 387 MVA
Tlf: +47 24 00 24 00

www.ey.no
Medlemmer av Den norske revisorforening

Melding frå uavhengig revisor

Til generalforsamlinga i Linja AS

Fråsegn om revisjonen av årsrekneskapen

Konklusjon

Vi har revidert Linja AS sin årsrekneskap som er samansett av balanse per 31. desember 2020, resultatrekneskap, oppstilling over endringar i eigenkapital og kontantstraumoppstilling for rekneskapsåret avslutta per denne dato og notar til årsrekneskapen, medrekna eit samandrag av viktige rekneskapsprinsipp.

Etter vår meining er årsrekneskapen som følgjer med, gitt i samsvar med lov og forskrifter og gir eit rettvisande bilete av selskapet si finansielle stilling per 31. desember 2020, og av resultatata og kontantstraumane for rekneskapsåret som vart avslutta per denne dato, i samsvar med rekneskapslova sine reglar og god rekneskapsskikk i Noreg.

Grunnlag for konklusjonen

Vi har gjennomført revisjonen i samsvar med lov, forskrift og god revisjonsskikk i Noreg, medrekna dei internasjonale revisjonsstandardane International Standards on Auditing (ISA-ane). Våre oppgåver og plikter etter desse standardane er beskrivne under overskrifta *Revisor sine oppgåver og plikter ved revisjonen av årsrekneskapen*. Vi er uavhengige av selskapet slik det er krav om i lov og forskrift, og har oppfylt dei andre etiske pliktene våre i samsvar med desse krava. Etter vår oppfatning er innhenta revisjonsbevis tilstrekkeleg og formålstenleg som grunnlag for konklusjonen vår.

Ytterlegare informasjon

Ytterlegare informasjon består av annan informasjon i årsrapporten bortsett frå årsrekneskapen og revisjonsmeldinga. Styret og dagleg leiar (leiinga) er ansvarlege for ytterlegare informasjon i årsrapporten. Våre fråsegner om revisjonen av årsrekneskapen og om andre lovmessige krav dekkjer ikkje slik ytterlegare informasjon, og vi attesterer ikkje denne informasjonen.

I samband med revisjonen av årsrekneskapen er det oppgåva vår å lese den ytterlegare informasjonen for å vurdere om det er vesentleg inkonsistens mellom han og rekneskapen eller kunnskap vi har opparbeidd under revisjonen, eller om han tilsynelatande inneheld vesentleg feilinformasjon. Dersom vi konkluderer med at slik informasjon inneheld vesentleg feilinformasjon, vil vi rapportere om det. Vi har ikkje noko å rapportere i så måte.

Leiinga sitt ansvar for årsrekneskapen

Leiinga er ansvarleg for å utarbeide årsrekneskapen i samsvar med lov og forskrifter, derunder for at han gir eit rettvisande bilete i samsvar med rekneskapslova sine reglar og god rekneskapsskikk i Noreg. Leiinga er også ansvarleg for slik intern kontroll som ho finn naudsynt for å kunne utarbeide ein årsrekneskap som ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon, verken som følgje av misleg framferd eller feil som ikkje er tilsikta.

Ved utarbeidinga av årsrekneskapen må leiinga ta standpunkt til selskapet si evne til å halde fram med drifta og opplyse om tilhøve av betydning for dette. Føresetnaden om at drifta kan halde fram, skal leggjast til grunn for årsrekneskapen så lenge leiinga ikkje har planar om at å avvikle selskapet eller leggje ned verksemda, eller ein ikkje har noko anna realistisk alternativ.

Revisor sine oppgåver og plikter ved revisjonen av årsrekneskapen

Målet med revisjonen er å oppnå tryggande sikkerheit for at årsrekneskapen totalt sett ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon, verken som følgje av misleg framferd eller som ikkje er tilsikta, og å gi ei revisjonsmelding som gir uttrykk for meininga vår. Tryggande sikkerheit er ein høg grad av tryggleik, men ingen garanti for at ein revisjon utført i samsvar med lov, forskrift og god revisjonsskikk i Noreg, og ISA-ane, alltid vil avdekke vesentleg feilinformasjon som eksisterer. Feilinformasjon kan oppstå som følgje av misleg framferd eller feil som ikkje er tilsikta. Feilinformasjon blir vurdert som vesentleg dersom han, åleine eller



Building a better
working world

samla, innanfor rimeleg grenser kan forventast å påverke økonomiske avgjerder som brukarane tar basert på årsrekneskapen.

Som del av ein revisjon i samsvar med lov, forskrift og god revisjonsskikk i Noreg, og ISA-ane, utøver vi profesjonelt skjønn og viser profesjonell skepsis gjennom heile revisjonen. I tillegg:

- identifiserer og anslår vi risikoane for vesentleg feilinformasjon i årsrekneskapen, enten det skuldast misleg framferd eller feil som ikkje er tilsikta. Vi utformar og gjennomfører revisjonshandlingar for å handtere slike risikoar, og hentar inn revisjonsbevis som er tilstrekkeleg og formålstenleg som grunnlag for konklusjonen vår. Risikoen for at vesentleg feilinformasjon som følgje av misleg framferd ikkje blir avdekket, er høgare enn for feilinformasjon som skuldast feil som ikkje er tilsikta, sidan misleg framferd kan innebere samarbeid, forfalsking, bevisste utelatingar, feil presentasjonar, eller brot på interne kontrollrutinar.
- opparbeidar vi oss ei forståing av intern kontroll som er relevant for revisjonen, for å utforme revisjonshandlingar som er føremålstenlege etter tilhøva, men ikkje for å gi uttrykk for ei meining om effektiviteten av selskapet sin interne kontroll.
- evaluerer vi om rekneskapsprinsippa som er brukte, er føremålstenlege, og vurderer om rekneskapsestimata og tilhøyrande noteopplysningar som er utarbeidde av leiinga, er rimelege.
- konkluderer vi, basert på innhenta revisjonsbevis, på om leiinga sin bruk av fortsett driftføresetnaden i årsrekneskapen er formålstenleg og om det er vesentleg uvisse knytt til hendingar eller tilhøve som kan skape tvil av betydning om selskapet si evne til å halde fram med drifta. Dersom vi konkluderer med at det eksisterer vesentleg uvisse, må vi i revisjonsmeldinga gjere merksam på tilleggsopplysningane i årsrekneskapen, eller, dersom slike tilleggsopplysningar ikkje er tilstrekkelege, at vi modifiserer konklusjonen vår om årsrekneskapen og årsmeldinga. Konklusjonane våre er basert på revisjonsbevis innhenta inntil datoen for revisjonsmeldinga. Etterfølgjande hendingar eller tilhøve kan likevel føre til at selskapet ikkje held fram med drifta
- evaluerer vi den totale presentasjonen, strukturen og innhaldet i årsrekneskapen, og tilleggsopplysningane, og om årsrekneskapen representerer dei underliggjande transaksjonane og hendingane på ein måte som gir eit rettvisande bilete.

Vi kommuniserer med styret mellom anna om det planlagde omfanget av revisjonen, når revisjonsarbeidet skal utførast og om funn av betydning i vår revisjon, samt om eventuelle svakheiter av betydning i den interne kontrollen som vi avdekker gjennom vårt arbeid.

Utsegn om andre lovmessige krav

Konklusjon om årsmeldinga

Basert på revisjonen vår av årsrekneskapen slik den er skildra ovanfor, meiner vi at opplysningane i årsmeldinga, føresetnaden om at drifta skal halde fram og framlegget til bruk av overskotet er konsistente med årsrekneskapen og er i samsvar med lov og forskrifter.

Konklusjon om registrering og dokumentasjon

Basert på revisjonen vår av årsrekneskapen slik den er beskriven ovanfor, og kontrollhandlingar vi har funne nødvendige etter internasjonal standard for attestasjonsoppdrag (ISAE) 3000 «Attestasjonsoppdrag som ikkje er revisjon eller forenkla revisorkontroll av historisk finansiell informasjon», meiner vi at leiinga har oppfylt plikta si til å sørgje for ordentleg og oversiktleg registrering og dokumentasjon av selskapet sine rekneskapsopplysningar i samsvar med lov og god bokføringskikk i Noreg.

Oslo, 23. mars 2021
ERNST & YOUNG AS

Meldinga er signert elektronisk

Finn Espen Sellæg
statsautorisert revisor

Melding frå uavhengig revisor - Linja AS

A member firm of Ernst & Young Global Limited

Penneo Dokumentnr: PZLOD-WJFTP-YKUSK-XE1Y7-ZKN0-3H08Z



PENNEO

Signaturene i dette dokumentet er juridisk bindende. Dokument signert med "Penneo™ - sikker digital signatur".
De signerende parter sin identitet er registrert, og er listet nedenfor.

"Med min signatur bekrefter jeg alle datoer og innholdet i dette dokument."

Finn Espen Sellæg

Partner

På vegne av: Ernst & Young AS

Serienummer: 9578-5997-4-389551

IP: 145.62.xxx.xxx

2021-03-23 12:18:42Z



Finn Espen Sellæg

Statsautorisert revisor

På vegne av: Ernst & Young AS

Serienummer: 9578-5997-4-389551

IP: 145.62.xxx.xxx

2021-03-23 12:18:42Z



Penneo Dokumentnrøkkel: PZL0D-WJFTP-YKUSK-XE1Y7-ZKN0-3H0BZ

Dokumentet er signert digitalt, med **Penneo.com**. Alle digitale signatur-data i dokumentet er sikret og validert av den datamaskin-utregnede hash-verdien av det opprinnelige dokument. Dokumentet er låst og tids-stemplet med et sertifikat fra en betrodd tredjepart. All kryptografisk bevis er integrert i denne PDF, for fremtidig validering (hvis nødvendig).

Hvordan bekrefter at dette dokumentet er originalen?

Dokumentet er beskyttet av ett Adobe CDS sertifikat. Når du åpner dokumentet i

Adobe Reader, skal du kunne se at dokumentet er sertifisert av **Penneo e-signature service <penneo@penneo.com>**. Dette garanterer at innholdet i dokumentet ikke har blitt endret.

Det er lett å kontrollere de kryptografiske beviser som er lokalisert inne i dokumentet, med Penneo validator - <https://penneo.com/validate>